

Hugsar SMS-språk best

Tenåringar som skriv mange tekstmeldingar, hugsar sms-språk betre enn ordentlege ord.



Dr. Beverly Plester frå Coventry University undersøkte 47 ungdomar sine evner til å hugsa alminnelege ord, ikkje-ord og sms-språk. Nokre av dei var aktive brukarar av tekstmeldingar, medan andre brukte det lite. Begge gruppene viste seg å hugsa sms-språk markert betre enn dei to andre ordtypene.

– Skulen kan kanskje bruka ungdomane sine erfaringar med tekstmeldingar som ein nøkkel til å skapa høgare medvit om ulike typar språk, og sørga for at born forstår kvar og når og kvifor dei skal nytta det passende språket, seier Plester til BPS Media Centre.